

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Sjukehusapoteka Vest HF

DATO: 24.05.2017
SAKSHANDSAMAR: Fagdirektør Christer B Frantzen og Fagsjef Nina Carstens.
SAKA GJELD: SAV bidrag lærings- og meistringstilbod.

ARKIVSAK:
STYRESAK: 028/17

STYREMØTE: 01.06.2017

FRAMLEGG TIL VEDTAK

Styret tek saka til orientering.

Oppsummering

Opplæring av pasientar og pårørande er ein av spesialisthelsetenesta sine fire hovudoppgåver. Både farmasøytar frå publikumsavdelingar og avdelingar for farmasøytiske tenester deltek i undervisning retta mot pasientar og pårørande innafor ulike terapiområde. I lys av omfang av pasientopplæringa i helseføretaka og legemidla si sentrale plass i pasientbehandlinga er potensialet for auke i SAV sitt engasjement på dette området til stades. Pris på tenestane har ved nokre høve vert sett på som ei hindring.

Fakta

Opplæring av pasientar og pårørande er ein av spesialisthelsetenesta sine fire hovudoppgåver. Senter for læring og meistring (LMS) skal bidra til utvikling av gode metodar for kunnskapsformidling og koordinere pasient- og pårørandeopplæring. Opplæringstilboda skal ha eit tverrfagleg fokus der både erfarne brukarrepresentantar og/eller interesseorganisasjonar har ein sentral plass. Denne typen helsetenester krev brei tverrfagleg tilnærming og samarbeid på tvers av forvaltingsnivå og avdelingsgrenser. Ein overordna tanke bak pasientopplæring, lærings- og meistringsaktivitetar er at ansvaret for konkrete diagnose- og pasientgrupper ligg til dei aktuelle fagområda. Helseføretaka har gjennom lovverket ansvar for pasientopplæring som del av sin behandlingsskjede.

Det er etablert LMS ved alle dei fire sjukehusføretaka i Helse Vest. Undervisningstilbodet er variert og mange av tilboda er gjennomgåande retta mot dei same pasientgruppene, t.d. KOLS, revmatiske sjukdommar, hjartepasientar, epilepsipasientar med fleire. Dei aller fleste av pasientgruppene som LMS har undervisningstilbod for, nyttar legemiddel i behandling av sjukdommen sin.

Sjukehusapoteka Vest har farmasøytar som arbeider i ulike klinikkar i sjukehusa med ulike oppgåver. Farmasøytar frå SAV deltek i undervisning retta mot pasientar og pårørende. Undervisninga skjer anten i LMS eller i klinikken. Hovudmål med slik undervisning er auka meistring av eiga sjukdom.

Farmasøytar frå SAV bidreg i hovudsak til kurs i legemiddelhandsaming der tema er generelt om legemiddel og legemiddelbruk, etterleving, regelverk etc. For opplisting av SAV si involvering i og oppfølging av lærings- og meistringstilbod på legemiddelområdet, sjå tabell under.

Tabell 1: SAV sin aktivitet knytt til læring og meistring på legemiddelområdet

Helseføretak	Kurs frå LMS/ 6 mnd (totalt)	Kurs frå LMS med bidrag frå SAV -Terapiområde	Faste pasientretta kurs frå klinikk med bidrag frå SAV -Terapiområde
Førde	8	- *	-
Bergen	19	Hyperthyreose	Inhalasjonsteknikk, Lungeavd. Bechterew Leddgikt Lupus Psoriasisartritt
Fonna	13	KOLS Parkinson Hjerterehab (Stord) Revmatismesjukehuset (2 kurs hver 3.uke)	
Stavanger	17	KOLS	Diabetesskolen

*: Farmasøyt ikkje involvert i undervisning grunna høg pris (tilbakemelding frå helseføretaket).

I tillegg til faste kurs underviser farmasøytar på fleire «ad hoc» undervisningar på klinikkane. Legemiddelbehandling som er starta opp ved innlegging i sjukehus eller på poliklinikk vert vidareført i SAV sine publikumsavdelingar med utlevering av og informasjon om legemidla til pasienten ved utskriving som siste del av pasientforløpet i sjukehuset.

Konklusjon

Det er stor aktivitet knytt til pasientopplæring ved kvart sjukehusforetak i Helse Vest. Sjølv med mål om tverrfagleg undervisning av pasientar deltek farmasøytar frå SAV i relativ liten grad.